Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

28. november 2017

HSE3002
Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:**
Vg3 Helsesekretær

**Nynorsk/Bokmål**

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | Vurderingsrettleiing:<br><br>• Det er kompetansemåla i læreplanen som er grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret<br>• Beskriv alle vala du tek og begrunn dei fagleg<br>• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene<br>• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykker deg tydeleg og fagleg korrekt<br>• Direkte avskrift frå kjelder inneber låg måloppnåing og vil bli vurdert til lågaste karakter. |
| **Vedlegg** | Ingen vedlegg. |
| **Andre opplysningar** | Det er 4 oppgåver. Du skal svare på alle oppgåvene. |

## Oppgåve 1

«Du som helsesekretær skal dokumentere objektive observasjonar.»

Drøft dette med utgangspunkt i teori og lovverk.

## Oppgåve 2

Du arbeider på Seim legesenter. Det er stor aktivitet på legekontoret, og den siste veka har kollegaen din vore sjukmeldt. Du opplever stort press både frå pasientane som ønsker omsorg, og legen som vil at du skal vere effektiv. Dette gjer at du opplever ein stressa kvardag.

Drøft korleis stress påverkar deg, og korleis du handterer situasjonen.

## Oppgåve 3

Du arbeider som helsesekretær på Seim legesenter. I går kom det inn ein liten gut med mistenkelege blåmerke på kroppen. Mor, som kom saman med barnet, såg redd ut. Du og kollegaene dine diskuterer i etterkant om de skal melde frå om dette.

Drøft di rolle som helsesekretær når det gjeld opplysningsrett og opplysningsplikt i dette tilfellet, og korleis de skal forhalde dykk til personvernet.

## Oppgåve 4

På legekontoret har du ansvaret for laboratoriet i dag. Du kallar inn Baha på 7 år til venøs blodprøvetaking. Han kjem saman med mor si. Mor verkar engsteleg for det som skal skje, og du oppfattar fort at ho ikkje forstår alt du seier. Baha blir òg engsteleg, og han har ikkje lyst til å ta blodprøve.

Korleis vil du handtere denne situasjonen for å utføre det du skal på ein best mogleg måte?
Begrunn vala dine.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Vurderingsveiledning:<br><br>• Det er kompetansemålene i læreplanen som er grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen<br><br>• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig<br><br>• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene<br><br>• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt<br><br>• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter. |
| **Vedlegg** | Ingen vedlegg. |
| **Andre opplysninger** | Det er 4 oppgaver. Du skal svare på alle oppgavene. |

## Oppgave 1

«Du som helsesekretær skal dokumentere objektive observasjoner.»
Drøft dette med utgangspunkt i teori og lovverk.

## Oppgave 2

Du jobber på Seim legesenter. Det er stor aktivitet på legekontoret, og den siste uken har kollegaen din vært sykemeldt. Du opplever stort press både fra pasientene som ønsker omsorg, og legen som vil at du skal være effektiv. Dette gjør at du opplever en stresset hverdag.

Drøft hvordan stress påvirker deg, og hvordan du håndterer situasjonen.

## Oppgave 3

Du jobber som helsesekretær på Seim legesenter. I går kom det inn en liten gutt med mistenkelige blåmerker på kroppen. Mor, som kom sammen med barnet, så redd ut. Du og kollegaene dine diskuterer i etterkant hvilken rolle dere har i forhold til å melde fra om dette.

Drøft din rolle som helsesekretær i forhold til opplysningsrett og opplysningsplikt i dette tilfellet, og hvordan dere skal forholde dere til personvernet.

## Oppgave 4

På legekontoret har du ansvaret for laboratoriet i dag. Du kaller inn Baha på 7 år til venøs blodprøvetaking. Han kommer sammen med sin mor. Mor virker engstelig for det som skal skje, og du oppfatter fort at hun ikke forstår alt du sier. Morens engstelse smitter over på Baha, og han har ikke lyst til å ta blodprøve.

Hvordan vil du håndtere denne situasjonen for å utføre det du skal på en best mulig måte?
Begrunn dine valg.